Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
fmvtpost@fylkesmannen.no

Kristian Brekken
Hjartdalsvegen 790
3690 HJARTDAL

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården **Vår ref.** 2022/3243 - **Dato** 31.03.2022

Delegert vedtak:
Søknad om oppsetting av basestasjon og motorferdsel i Hjartdal kommune - Kristian Brekken

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndigheit for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker. Likevel har styret høve til å delegere myndigheit til verneområdeforvaltaren etter *Vedtekter for verneområdestyret* punkt 6.2.

Kort om saka
Søkjar driv med sauehald, og har utmarksbeite innanfor Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde. For sauebønder i området er det av stor betydning å ha eit velfungerande sporingssystem for å lette tilsyn og sank av sau. Gjetargut er eit slikt system, og basestasjonen er tenkt plassert på Systebulihovet i Hjartdal kommune. I søknaden er det lagt ved eit dekningskart som er simulert (vegleiande). Det er viktig å finne ein stad som har mobildekning og som ligg så i le at basestasjon ikkje vert «tatt av vinden». Dette er ein forholdsvis beskjeden installasjon som med fordel kan takast ned om hausten og oppatt på vårparten.

Det søkjast difor om:
- Godkjenning for oppsetting av basestasjonen.
- Løyve til å frakte basestasjonen og nødvendig utstyr for oppsetting inn med snøskuter. Køyretrase til Systebulihovet er frå søkjars hytte ved Nord Trandem og opp til tenkt plassering, jf. vedlagt kart.

Vedlegg
- Søknad med dekningskart motteke 22.03.2022 (2022/3243-1).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde
- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.
- Lov om motorferdsle i utmark og på islagde vatn.
- Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark.

Det formelle grunnlaget
Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:
- ”*Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne.”*

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er utgangspunktet at ”Området skal vere verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.”, jf. pkt. 1. Pkt. 1.4 seier at ”Motorferdsel skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta. All motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmande markskader, hjulspor ol.”

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av § 7 i naturmangfaldlova (NML), som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

Etter NML § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket eller aktiviteten vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering
Søkjar driv med sauehald, og har utmarksbeite innanfor Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde. For sauebønder i området er det av stor betydning å ha eit velfungerande sporingssystem for å lette tilsyn og sank av sau. Gjetargut er eit slikt system, og basestasjonen er tenkt plassert på Systebulihovet i Hjartdal kommune. I søknaden er det lagt ved eit dekningskart som er simulert (vegleiande). Det er viktig å finne ein stad som har mobildekning og som ligg så i le at basestasjon ikkje vert «tatt av vinden». Dette er ein forholdsvis beskjeden installasjon som med fordel kan takast ned om hausten og oppatt på vårparten.

Det vert søkt om:
- Godkjenning for oppsetting av basestasjonen.
- Løyve til å frakte basestasjonen og nødvendig utstyr for oppsetting inn med snøskuter. Køyretrase til Systebulihovet er frå søkjars hytte ved Nord Trandem og opp til tenkt plassering, jf. vedlagt kart.

All motorferdsle skal gå føre seg i tråd med lov og føresegner for motorferdsle i utmark og på islagde vatn, med dei avgrensingar som ligg i verneføresegna. I områder som er verna i medhald av naturvernlova/naturmangfaldlova, er det strengare reglar for motorisert ferdsle enn det som følgjer av motorferdslelova/nasjonal føresegn.

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde står det i kapittel 4 punkt 1.4 at motorferdsle skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta, og at allmotorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varige skjemmande markskadar, hjulspor og liknande.

Søkjar har teikna inn køyretrase frå eiga hytte ved Nord Trandem, der det vidare skal køyrast nordover og deretter aust opp til Systebulihovet. Søkjar har løyve etter godkjent køyretrase i forvaltingsplanen inn til hytta ved Nord Trandem. Det er i dette høve tale om ein avstikkar opp til tenkt plassering av basestasjon.

Dette området ligg i villreinområdet, og innanfor det som er definert som kalvingsområde for villrein, jf. forvaltingsplan. Då seier forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar at motorferdsle er forbode i tida 1. april til 1. juli.

Informasjon om Gjetargut, henta frå http://gjetargut.no/: «*Gjetargut er en robust og driftsikker løsning for sporing av sau og andre husdyr. Vår løsning er laget for områder uten eller dårlig mobildekning. Mange andre løsninger krever god mobildekning. Vi benytter en teknologi som heter LoRa som ikke trenger mobilnett for å få dekning. Selskapet har utviklet en meget robust, vanntett og liten og lett klient som festes til klaven på sauen. Denne klienten sender posisjon en eller flere ganger om dagen til en egen basestasjon. Basestasjonen sender data via Telenor/Telia/Ices nett til våre serverer hvor data blir prosessert og gjort klare for visning på kartet. Løsningen fungerer like godt på en PC som en smart-telefon.*

Et beiteområde vil gis full dekning ved at en eller flere egne basestasjoner settes opp. Basestasjonen kommuniserer med Gjetargut-enhetene og kan sammenlignes med en trådløs WiFi ruter som de man har i hjemmet, bortsett fra at basestasjonene må settes ut på strategiske punkter i terrenget, som topper og høydedrag.»

Ein oppfattar ein slik basestasjon som ein beskjeden installasjon, som enkelt kan takast ned etter beitesesongen på hausten. Det er difor ikkje å rekne som ein «fast/permanent installasjon» i verneområdet.

Naturmangfaldslova §§ 8 - 12
NML § 8 «Kunnskapsgrunnlaget»
Kunnskap i denne saka er søkt i Naturbase, Artsdata og retningsliner gjeve i forvaltingsplanen for Brattefjell-Vindeggen LVO. Kunnskapsbehovet ved omsøkt tiltak omfattar lokaliteten og nærområdet. Området ved Systebulihovet er definert som villreinområde og kalvingsområde for villreinen i Brattefjell-Vindeggen, jf. Forvaltingsplanen.

Eksisterande kunnskapsgrunnlag vurderast å vere tilstrekkeleg slik at det ikkje er naudsynt å nytte NML § 9 «Føre-var-prinsippet».

NML § 10 «Økosystemtilnærming og samla belastning»
Innanfor vernegrensa i det aktuelle området er det kjent at det drivast tradisjonelle enkle friluftslivsaktivitetar og aktivitetar knytt til beitedyrnæringane. Omfanget av friluftsaktivitetane i desse delane av verneområdet har hatt og har avgrensa omfang. Ved å stille vilkår om at utføring av arbeid med basestasjon skjer i ein periode der dette gir minst mogleg med forstyrringar og skader for artsmangfaldet og friluftslivet vil omsøkte tiltak medføre minimal skade på dei aktuelle interessene i området, jf. NML § 12.

NML § 11 «Kostnaden ved miljøforringelsen skal bærast av tiltakshavar»
Dette prinsippet vurderast i den aktuelle saka å ha svært avgrensa relevans.

NML § 12 «Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar»
Ei vurdering av desse momenta vurderast å ha svært avgrensa relevans i denne saka.

Føremålet med vernet er å taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde, biologisk mangfald med eiga villreinstamme, rikt plante- og dyreliv, samt verdifullt kulturlandskap og kulturminne.

Omsøkte tiltak og aktivitetar vurderast samla sett ikkje å vere i strid med verneføremålet og heller ikkje å kunne påverke verneverdiane nemneverdig. Her vektleggast spesielt tiltakets betydelege og positive verknad for å kunne opprettholde beitetrykket i landskapsvernområdet som eit grunnleggjande element for å kunne ivaretake verneverdiane.

Delegert vedtak:
Verneområdeforvaltar gjev Kristian Brekken løyve til oppsetting av ein basestasjon i samband med bruk av sporingsverktøyet «gjetargut» i beitesesongen for sau, som vist på kart lagt ved søknaden, dagsett 22.03.2022.

Det vert i tillegg gjeve løyve til *ein transport* med snøskuter utanfor godkjente trasear (jf. forvaltingsplanen) til plassering av basestasjon på Systebulihovet i Hjartdal kommune i tidsromet 31.03.22 – 01.04.22. Køyretrase til Systebulihovet skal fylgje innteikna trase på kart, jf. søknad.

Løyvet er gjeve med heimel i NML § 48.

Det vert sett følgjande vilkår:
- Når det gjeld oppsetting av basestasjon, bør ikkje aktiviteten leggjast til perioden medio april til medio juni av omsyn til villreinen i ei sårbar tid. Verneområdeforvaltar skal informerast i forkant av aktiviteten.
- Eksakt lokalisering av basestasjon må rapporterast til verneområdeforvaltar.
- Løyve til motorferdsel til Systebulihovet gjeld berre for tidsromet 31.03.22 – 01.04.22.
Sidan det skal køyrast innanfor det som er kalla kalvingsområde i forskrift om motorferdsle i Brattefjell-Vindeggen, er det ikkje høve til køyring mellom 1. april og 1. juli.
- Observerast villrein, skal køyring stanses. Søkjaren skal ha dialog med SNO /verneområdeforvaltar om det er villrein i området.

Elles gjeld vilkår gjeve i løyve etter motorferdselslova.

Vedtaket er berre fatta etter verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde og tilhøyrande forvaltningsplan. Søkjar er sjølv ansvarleg for å få andre nødvendige løyve, slik som til dømes grunneigarløyve og løyve etter motorferdslelova.

Det er klagerett på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt til Kristian Brekken.

Vedtaket leggast fram for verneområdestyret som referatsak.

Med helsing

Kristian Kvaalen Herregården
seniorrådgiver

Kopi:
- Hjartdal kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil òg bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.